



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Lærdal
kommune



Luster
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune

Partnarskapsmøte for fleire læreplassar i Sogn 3. mai 2018



SOGN REGIONRÅD



Sogn regionråd sine mål

Sogn skal ha minst like god **arbeidsplassvekst** som i fylket elles

Sogn skal ha **folketalsvekst** som er større enn det som har vore veksten siste ti åra



Samfunnskontrakt
for flere læreplasser
(2016–2020)

Utdanningsdirektoratet:

Tal lærekontraktar har auka frå
2011 til 2017

Tal søkjarar utan læreplass har
auka frå 7200 til 8100

7 av 10 fekk lærekontrakt (2017)



SSB sine prognoser seier at vi i 2035
kjem til å mangle 30 000 fagarbeidarar
innan helse- og sosialfag og 50 000
fagarbeidarar innan byggenæringa

Status for Sogn

- Offentleg og privat næringsliv i Sogn har 369 læreplassar
- Kommunane i Sogn har 58 av desse
- 2018: 36 søkjarar av 179 har fått læreplass frå hausten





NY ARBEIDSKRAFT: På IKT - avdelinga på rådhuset er novero nett beredde med fagbrev, ein er ferdig læring. Frå Olav Marie Bjelde, ansvarleg for læringane i kommunen, Jon Ivar Buene, Tobias Sæthre og læring Klaidas Moxkapetris. Bak står fagleg leiar Endre Nordeide.

Rekrutterer med lærlingeplassar

■ ■ – Får mange søknadar ■ ■ 14 lærlingar inne i fjor

GAUPNE: Luster kommune satsar stort på å tilby lærlingeplassar.

– Me vil ta samsynsansvar ved å tilby lærlingeplassar, men det er også ein del av vår rekrutteringsstrategi. Det fortel Olav Marie Bjelde, som koordinerer tilbodet i kommunen. På det meste hadde dei 14 ungdommar inne i 2017.

Rekruttering
– Me får mange og gode søkjarar til lærlingeplassane våre. Og sjølv om flest søkjarar kjem frå Sogn, så får me også søknadar frå heile fylket og andre stadar i landet, seier Bjelde.

– Det har intervju med aktuelle kandidatar, og tek ikkje inn kven som helst. – Eg er glad for at dei kan ta initiativ står alltid sterkest. Dei har som regel to år på seg til å læra, og å visa fram seg sjølv. Nokre får halda fram, andre får gode referansar med seg på vegen.

Fire fag
I fjor tok kommunen inn nye lærlingar i Helsearbeidarfaget, Barne- og ungdomsarbeidarfaget, Tømrarfaget og

Dataelektronikarfaget. Kvar lærling får ein fagleg leiar som følgjer dei gjennom heile læretida. I tillegg har dei ein instruktør som gjev dagleg oppfølging og rettleiing.

– Mange av lærlingane våre roterer mellom institusjonar, difor har dei fleire instruktører, seier Bjelde. Lærlingane i dataelektronikarfaget er dei einaste som har fast base gjennom heile læretida. Det held til på rådhuset.

Lærarikt

På IKT - avdelinga på rådhuset sit tre hantar, Klaidas Moxkapetris er dataelektronikarlærling.

– Det er kjekt og spennande. Det er ein bra arbeidsplass, og så er det lærerikt. Jon Ivar Buene og Tobias Sæthre tok fagbrev i februar i år. No har dei fått kvart sitt vikariat over sommaren. – Eg er glad for at eg fekk jobb vidare. Når ein er ferdig i februar er det vanskeleg å finna noko nytt før sommaren. Her kjerner eg alle. Det er dette eg likar å drøva med, seier sognleiar Tobias.

Han skal i militært rett etter sommaren. Etter det planlegg han vidare studiar.

Reisa rundt

Og så hulestrendingen Jon Ivar

er glad han ikkje stod på bar bakke i februar etter å ha teke fagbrev.

– Det var veldig bra at eg fekk halda fram her. Etterpå vart det å leita etter jobb først, og så kanskje studiar seinare. Sjølv om dei har base på rådhuset, så sit dei ikkje der heile tida.

– Me får reisa rundt til heile kommunen. Eg var til Veitastrand sist veka, seier Jon Ivar. – Som regel er me på kontoret, men me må ut når det skjer noko. Eg har voce på Halsås denne veka, fortel Klaidas.

Sjef var lærling

Endre Nordeide har arbeidd med IKT i Luster kommune sidan 2014. Sjølv var han der som lærling i to år frå 2004. No er han både fagleg leiar og instruktør for dataelektronikarlærlingane.

– Det er spennande og nyttig. Eg hadde sjølv ein så god lærlingplass at eg vil prøva å tilby dei det same. Det einaste dumme er at når dei har vorte skikkeleg gode, så reiser mange vidare.

Sidan kommunen er midt i eit prosjekt med digitalisering, så får altså to av dei som har fullført læretida halda fram et stund til. Og det er fleire som får halda fram etter læretida. Ingrid Huskadal



VIKTIG: Lærlingane er vilt ut etter i Årsrapporten 2017 for Luster kommune. Å tilby lærlingeplassar vart trekt fram som ein god måte å rekruttere på.

fekk fagbrev i kontor- og administrasjonsfaget i fjor, og har etter læretida fått nær eit års vikariat i kommunen.

Årsrapport

Då rådmann Jarle Skartun la fram årsrapporten for Luster kommune til formannskapet, så han at kommunen kjem til å få eit stort behov for å rekruttere nye medarbeidarar dei

næraste åra. Mange nærmar seg pensjonsalder.

– I dette arbeidet vil det å ta inn lærlingar og lærekandidatar vera viktig, og må prioriterast, skriv Skartun. To sider i årsrapporten er via lærlingane og lærekandidatane i kommunen.

Wenche Scharke Eikum
scharke@luster.no

GRATIS somfy motor og fjernkontroll
med kjøp av terrasse- markiser innen 12. mai.
kjells markiser
GRATIS levering! tlf: 99 300 800 | sp@kjellsmarkiser.no

Luster viser lærlingveg

LUSTER KOMMUNE ER heilt i toppen når det gjeld å ta inn lærlingar. På det meste hadde kommunen inne 14 ungdommar på same tid i 2017. Her har dei fleste andre kommunar, ja – også dei fleste private verksemdar, noko å læra. Og ikkje minst, kanskje når det gjeld evna til å ha fleire tankar i hovudet samstundes. Det var noko koordinatør for lærlingtilbodet i kommunen, Olav Marie Bjelde, dokumenterte på ein framifrå måte i eit intervju med Sogn Avis i går.

Lærlingane har ei god stund fått mange og gode søkjarar til lærlingeplassane sine.

DER FORTALDE HO at kommunen vil ta eit samsynsansvar gjennom å tilby lærlingeplassar, men at dette er også ein del av kommunen sin rekrutteringsstrategi. Lærlingane veit godt at dersom dei gir unge, flinke lærlingar eit godt og spennande tilbod, er sjansen mykje større for at dei blir verande i kommunen.

LUSTERINGANE HAR EI god stund fått mange og gode søkjarar til lærlingeplassane sine. Framleis kjem det flest søkjarar frå Sogn, men kommunen får også søknadar frå heile fylket og frå andre stadar over heile landet.

I 2017 TOK Luster inn nye lærlingar på fleire fagområde, både helsearbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget, tømrarfaget og dataelektronikarfaget, dei einaste som har fast base gjennom heile læretida tillegg dei på rådhuset. Elles får kvar lærling ein fagleg leiar som følgjer dei gjennom heile læretida. I tillegg har dei ein instruktør som gjev dagleg oppfølging og rettleiing.

ENDRE NORDEIDE ER eit godt døme på kva Luster sin positive og offensive lærlingepolitikk kan resultera i. Sjølv var han lærling i to år frå 2004. No er han både fagleg leiar og instruktør for dataelektronikarlærlingane. Og han drog fram at han sjølv hadde ein så god lærlingplass i kommunen, at han vil prøva å tilby dagens lærlingar akkurat det same. Det einaste dumme han får auga på med lærlingordninga er at når lærlingane har vorte skikkeleg gode, så reiser mange av dei vidare.

MEN SIDAN KOMMUNE nett no er midt inne i eit prosjekt med digitalisering, så får fleire av dei som har fullført læretida halda fram et stund til, og fleire får også halda fram etter læretida.

OG RÅDMANN JARLE Skartuns årsrapport fortel ikkje berre kor spennande denne satsinga er, men at ho kan vera heilt avgjerande for kva tilbod kommunen skal markis å gje sine innbyggjarar i framtida. Sidan svært mange av dei tilsette nærmar seg pensjonsalder, kjem behovet for nye medarbeidarar til å aukast i åra som kjem.

DET ER NEPPE nokon tvil om at rådmannen har rett når han peikar på at arbeidet med å ta inn lærlingar og lærekandidatar vil vera viktig, og må prioriterast. Me trur fleire bør ta turen til Luster for å læra.


redaksjon@sgnavis.no

Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisen blir trykt på Sogn og Fjordane. Avstrykk ss. Fødsel.

REDAKTOR
Jan Inge Fardal
DALSJØ LUNDH
Leif Johannes Lundh
www.sognavis.no

Sjefredaktør: Jon Ivar Buene



Ungdom må motiverast til å velje utdanning som arbeidslivet har behov for

Korleis få fleire læreplassar?

- Kan kommunane ta inn lærlingar frå fleire fag?
- Styrka informasjonen retta mot ungdommane om moglegheitene som fagopplæring gir og arbeidslivet sitt behov for fagarbeidarar
- Rett dimensjonering av skuleplassar
- Oppmoding til privat næringsliv «Tid for samfunnsdugnad»
- 2018 er yrkesfagenes år!

